

Utval:	Forskningsutvalet	Dato:
FU-sak:	29/20	Arkivsaknr.:2020/5087
Møtedato:	07.10.2020	

Revisjon av forskrift for graden doctor philosophiae (dr.philos.-graden) ved Universitetet i Bergen

1 Innleiing

Forskrift for graden doctor philosophiae ved Universitetet i Bergen vart fastsett av styret i 2011. Etter ynskje frå fakulteta, har Forsknings- og innovasjonsavdelinga (FIA) gått grundig gjennom forskrifta med målsetjing om revisjon av denne. Spørsmålet om revisjon har vore handsama i Forskningsutvalet i sakene [12/20](#) og [17/20](#).

Utkast til revidert forskrift for graden doctor philosophiae vart sendt på høyring til fakulteta i 13.05.2020 med frist til 09.09.2020. Høyringssvar er motteke frå Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet (MN), Det psykologiske fakultet (PSY), Det medisinske fakultet (MED), Det juridiske fakultet (JUS) og Det humanistiske fakultet (HF).

2 Generelle kommentarar

Alle dei fem fakulteta som har levert høyringssvar, er positive til utkastet til ny forskrift for graden dr.philos. Det medisinske fakultet set pris på at fakulteta har fått kome med innspel allereie i dei innleiande fasane, og at fleire av innspela frå fakulteta allereie er innarbeidd i høyringsutkastet. Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet oppfattar utkastet til ny forskrift som meir presis og tydeleg enn forgjengaren, medan Det juridiske fakultet meiner forslaget er godt gjennomarbeidd og ryddig. Også Det humanistiske fakultet peiker på at utkastet er ryddig og oversiktleg.

Utkastet til revidert forskrift er i stor grad lagt tett opp til formuleringane frå dr.philos.-forskriftene ved Universitetet i Oslo (UiO), Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU) og Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT). I revisjonsarbeidet har ein også hatt eit visst blick på dei andre dr.philos.-forskriftene som er i kraft per i dag, det vil sei forskriftene ved Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU), Universitetet i Stavanger (UiS), Universitetet i Agder (UiA), Nord universitet (NU), Norges Handelshøyskole (NHH) og MF vitenskapelige høyskole (MF). Dette er gjort mellom anna for å unngå at dr.philos.-ordninga utviklar seg i ulike retningar på nasjonalt plan.

I arbeidet med revisjonen er det også sett hen til Forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Universitetet i Bergen, som gjennomgjekk ein svært grundig revisjon i 2018. Det psykologiske fakultet og Det juridiske fakultet har uttrykt seg positive til å sjå dei to forskriftene i samanheng, medan Det humanistiske fakultet meiner tilnærminga får nokre gjennomgåande uheldige følgjer av fagleg karakter som det er viktig å diskutere grundig før den nye forskrifta vert vedteken

3 Nytt i utkastet til revidert forskrift

Det som er nytt i utkastet til revidert forskrift er

- at det skal leggjast til rette for tverrfaglege dr.philos.-avhandlingar,
- at fráværet av krav til godkjent opplæringsdel bør kompenseras ved at dr.philos.-avhandlinga er noko meir omfattande enn ei ph.d.-avhandling,
- at mindre omarbeiding av innlevert avhandling er tillate,
- at fleirtalet av komitémedlemmar i vurderingskomitéen skal vere utan tilknytning til UiB, og
- at det vert opna for tvungen avslutning av vurderinga ved uærlegdom eller juks.

Det har vore eit mål å halde forskrifta kortfatta og generell, noko som gir fleksibilitet ved bruk. Nokre av fakulteta har uttrykt ynskje om meir detaljert regulering i nokre av føresegnene.

På generelt grunnlag, er det lite føremålstenleg å detaljregulere dr.philos.-graden i større grad enn det utkastet legg opp til. For stor detaljregulering kan få uheldige restriktive verknadar. Forskrifta skal fungere på tvers av fakultet og fagområde, og det er formålstenleg at forskrifta er generell nok til å ta høgde for det faglege mangfaldet ved universitetet. Det er lagt vekt på at forskrifta skal gje eit overordna regelverk med rom for gode fag- og skjønnsvurderingar ved bruk.

Fleire av fakulteta har gjeve gode innspel om retting av skrivefeil og logiske feil. Desse er tekne til følge i det nye utkastet til forskrift. I tillegg er det gjort mindre formateringsendringar i det nye utkastet.

4 Merknadar til dei enkelte føresegnene

4.1 § 2. *Beskrivelse av innhold og målsetting for graden dr.philos.*

Føresegna i § 2 gir meir utfyllande retningsliner for graden dr.philos. enn det som er tilfelle for den nojeldande forskrifta. I den reviderte føresegna vert det understreka at dr.philos.-graden er ein ikkje-rettleia doktorgrad, og at arbeidet skal vere utført på eiga hand utan formell tilknytning til universitetet.

Det humanistiske fakultet har uttrykt eit ynskje om at § 2 gir ei meir detaljert skildring av kva ein dr.philos. er og skal vere. Ein vil vise til at føresegna allereie er meir utfyllande enn det som er tilfelle i nojeldande forskrift, og at den føreslegne revisjonen samstundes gir eit dekkjande bilete av kva ein dr.philos.-grad er. Den reviderte føresegna er vidare i tråd med tilsvarande føresegner i fleirtalet av dei eksisterande dr.philos.-forskriftene ved andre institusjonar enn UiB.¹ Forslaget er difor at føresegna vert ståande uendra.

4.2 § 3. *Answaret for graden dr.philos.*

Føresegna klargjer answaret for graden dr.philos. og gir dr.philos.-forskrifta ein tilsvarande systematikk som ph.d.-forskrifta. Fleirtalet av dr.philos.-forskriftene ved andre institusjonar har tilsvarande føresegner.²

¹ NMBU, NTNU, UiO, UiS, Nord universitet.

² NMBU, UiT, UiO, UiS og Nord universitet.

Det medisinske fakultet har peikt på at tverrfagleg forskning kan vere krevjande å plassere, slik at det kan vere naudsynt å avklare kva for fagmiljø som er best eigna til å vurdere ei avhandling før vedtak etter § 3 andre avsnitt vert fatta. Fakultetet har difor føreslege følgjande tillegg:

«Dersom det er tvil om hvorvidt avhandlingen høyrer inn under fakultetets fagportefølje, kan grunnenhetene og evt. andre fakultet konsulteres før vedtak fattes.»

Fakultetet meiner at det er føremålstenleg å synleggjere at det kan vere behov for ei slik avklaring, mellom anna fordi det kan vere med å forklare tidsbruk i sakshandsaminga.

4.3 Til § 4-1. Vilkår for å framstille seg

Det medisinske fakultet foreslår å endre ordlyden i bokstav c til «nær tilknytning til eller tett samarbeid med norske forskere». Fakultetet meiner at ei slik presisering tydeleggjer at kandidatar som har samarbeidd gjennom store multisenterstudiar ikkje automatisk er kvalifiserte for å framstille seg for dr.philos.-graden ved UiB, noko fakultetet ser som ei formålstenleg avgrensing. Endringsforslaget er teke inn i det nye utkastet.

Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet meiner at ein bør presisere eller fjerne alternativet i andre avsnitt bokstav b: «har sterk tilknytning til norsk forskning innen det aktuelle fagområdet». Fakultetet har tidlegare motteke søknadar som viser til at andre forskarar i Noreg har forska på same tema, men dette bør ikkje vere tilstrekkeleg til å innvilge søknaden.

Ei ytterlegare presisering av vilkåret i § 4-1 andre avsnitt bokstav vurderast ikkje som naudsynt.. Vilkåret knyt seg til ei «kan»-føresegn (“Andre søkere kan etter begrunnet søknad gis anledning til å framstille seg..”) . Det vurderast som føremålstenleg at fakulteta her har tilstrekkeleg rom for å nytte skjønn ved vurderinga av om dei ynskjer å la ein søkjar framstille seg for dr.philos.-graden.

Det humanistiske fakultet stiller spørsmål ved om det er ynskjeleg å ha krav om tilknytning til Noreg og norsk forskning for dr.philos.-kandidatar utan nordisk statsborgarskap. Fakultetet peiker på at eit slikt vilkår vil kunne utelate utanlandske kandidatar som ber om vurdering innan eit tema der UiB har eit kjent internasjonalt fagmiljø, og foreslår å fjerne kravet om at søkjaren skal vere statsborgar i Noreg eller eit anna nordisk land.

Vilkåra for å framstille seg til graden dr.philos. dei andre dr.philos.-forskriftene er undersøkt. Alle har meir eller mindre tilsvarande vilkår som UiB. Vilkåra i § 4-1 kan reise visse problemstillingar, særleg med tanke på tilhøvet til EØS-retten, og der er difor ynskjeleg ynskjer å undersøke dette nærare. I utkastet held ein på vilkåra som er tilsvarande ved dei andre UH-institusjonane. Ei ny sak vil bli fremja for FU dersom ytterlegare undersøkingar viser at kravet om tilknytning til Norge og norsk forskning er problematisk.

4.4 § 4-2. Søknad og krav til dokumentasjon

Det psykologiske fakultet, Det medisinske fakultet og Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet har foreslått at § 4-2 andre avsnitt bokstav g bør strykast fordi dette er regulert i § 13-1 tredje avsnitt. Forslaget er teke til følgje i det nye utkastet. Elles er det i det nye utkastet gjort mindre språklege endringar som foreslått av Det psykologiske fakultet, Det medisinske fakultet og Det humanistiske fakultet.

I utkastet vart § 4-2 fjerde avsnitt teke inn som ny regel. Føresegna er å finne i ph.d.-forskrifta, det kan vere føremålstenleg å ha ein tilsvarande regel for dr.philos., sidan fakulteta nokre gonger

opplever at det innsendte materiale openbert ikkje har høg nok kvalitet til at ein bør starte ein normal vurderingsprosess. Ingen av fakulteta har uttrykt usemje med endringa.

4.5 § 5-1. Krav til avhandlingen

I § 5-1 fjerde avsnitt er det i utkastet til revidert forskrift teke inn ein ny regel om at fråværet av krav til godkjent opplæringsdel bør verte kompensert ved at avhandlinga er meir omfattande. Det humanistiske fakultet, Det psykologiske fakultet og Det medisinske fakultet har uttrykt ynskje om ytterlegare detaljar om korleis dette kan kompenseras, eller ber om at fakultetet kan utarbeide eigne reglar på dette feltet.

Utgangspunktet har vore å ikkje gjere denne delen meir detaljert, ettersom utkastet til revidert forskrift allereie er meir utfyllande enn den no gjeldande forskrifta. FIA ser likevel at fakulteta kan ha behov for å gje noko meir detaljerte retningslinjer for korleis krav til godkjent opplæringsdel skal kompenseras. Forslaget er difor følgjande tillegg til § 5-1 siste avsnitt: «Fakultetet selv kan vedta egne retningslinjer om hvordan fravær av krav til godkjent opplæringsdel kan kompenseres».

4.6 § 6. Oppnevning av bedømmelseskomité

Nytt i utkastet til revidert forskrift er eit krav om at fleirtalet av komitémedlemmar i vurderingskomitéen skal vere utan tilknytning til UiB. Det medisinske fakultet har uttrykt usemje med endringa, og viser til at ei dr.philos.-avhandling er utarbeidd utan rettleiing frå UiB, samt at UiO ikkje stiller tilsvarande krav i si dr.philos.-forskrift. Fakultetet ynskjer difor at kravet vert teke ut av forskrifta.

Forslaget i utkastet er å la regelen stå. Det vert vist til omsynet til harmonisering med ph.d.-forskrifta og med andre dr.philos.-forskrifter, der fleirtalet har same krav som i utkastet til revidert forskrift.³ Det vert i tillegg vist til at ingen av dei andre fakulteta har uttrykt motstand mot denne regelen, verken i høyringsrunden eller i etterfølgjande ph.d.-koordinatorforum.

4.7 § 8. Mindre omarbeiding av innlevert avhandling

Nytt i utkastet til revidert forskrift, er § 8 som opnar for mindre omarbeiding av innlevert avhandling. Føresegna er tilsvarande som i ph.d.-forskrifta, og endringa er grunngjeven med at UiB sitt eige fagmiljø og opponentar vil vere vane med ei slik ordning for ph.d.-graden ved UiB og dei fleste andre norske institusjonar. Ordninga er også å finne i dr.philos.-forskriftene til Nord universitet, NTNU og UiT.

Det juridiske fakultet og Det humanistiske fakultet ynskjer ikkje ei slik ordning i dr.philos.-forskrifta. Det juridiske fakultet viser til at regelen om mindre omarbeiding inneber eit større oppfølgingsansvar for institusjonen enn det som er naturleg når kandidaten opphavelg ikkje har hatt tilknytning til UiB. Rettleiar kan ha ei sentral rolle i perioden mellom omarbeiding og ny innlevering, og fakultetet meiner at ein verken kan eller bør tilby nokon form for rettleiing for dr.philos.-kandidatar. Fakultetet viser her til at UiT opnar for mindre omarbeiding, medan UiO ikkje gjer det. Det humanistiske fakultet meiner at ein dr.philos. skal reknast som ferdig arbeid og ikkje del av ei utdanning. Det bør difor ikkje opnast for mindre omarbeiding av innlevert avhandling.

Det medisinske fakultet, Det matematisk-naturvitskaplege fakultet og Det psykologiske fakultet har ikkje kommentert regelen i § 8 i sine høyringssvar. Ein ber FU diskutere denne saka spesielt.

³ NTNU, NMBU, Nord universitet, UiA, NHH og MF.

4.8 § 13-1. Prøveforelesninger

Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet meiner at ein i § 13-1 femte avsnitt bør presisere korleis vurderingskomiteén for prøveforelesingane skal setjast saman, og i utkastet er føresegna noko meir detaljert på dette punktet. I ph.d.-forskrifta er regelen om dette svært kortfatta og open, noko som heng saman med at fakulteta har ulike måtar å avvikle prøveforelesing på. Fakulteta kan i ph.d.-utdanninga vere meir spesifikke om prøveforelesingar i sine respektive programskildringar. Sidan dr.philos.-forskrifta er einskapleg for UiB, er det ynskjeleg å innføre følgjande minstestandardar for komitésamansetning:

- Komiteen skal ha minst tre medlemmar.
- Begge kjønn skal, så langt det er mogleg, vere representerte.
- Komitémedlemmane skal ha doktorgrad eller tilsvarande kompetanse.

4.9 § 13-2. Disputas

Det humanistiske fakultet ynskjer ei nærare utgreiing av kva for nokre tilhøve som ligg til grunn for å utløyse ny disputas, og lurar på om ny disputas kan gjennomførast utan endringar i avhandlinga.

Det skjer i svært få tilfelle at ein vurderingskomité vil vurdere at ein ny disputas er naudsynt. Men kandidaten kan oppleve helsemessige utfordringar eller at ho/han ikkje kan gjere greie for deler av avhandlinga. Det kan også oppstå ulike situasjonar som vi ikkje kan føresjå i dag. For å behalde den fleksibiliteten som forslaget gjer, er det ikkje er ynskjeleg å gjere denne delen meir detaljert.

5 Avslutning

Revisjonen av dr.philos.-forskrifta inneber modernisering og harmonisering av dr.philos.-regelverket, med forslag til nye reglar om

- tilrettelegging for tverrfaglege avhandlingar,
- krav om noko meir omfattande avhandlingar,
- moglegheit for mindre omarbeiding av innleverte avhandlingar,
- endra samansetjing av vurderingskomiteen, og
- tvungen avslutning ved uærlegdom eller juks.

Av tematikkar som FU særskild bør diskutere, er t forslaget om å opne for mindre omarbeiding av innlevert avhandling den fremste.

Revisjonen er den siste i rekka av forbetringar av det juridiske grunnlaget for doktorgradane ved UiB, der vi i nyleg har fått ein ny ph.d.-grad i kunstnarleg utvikling og ein større revisjon av den vitenskaplege ph.d.-graden.

Saka vert lagt fram i møte i Universitetsstyret 26. november, med dei innspel som kjem frå Forskingsutvalet.

Det vert elles vist til høyringssvara frå fakulteta og revisjonsutkastet som er lagt ved. Saka vert med dette lagt fram for utvalet til drøfting.